



Kultur- og idrettsavdelinga
v/ seksjon for kulturbasert verdiskaping
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår referanse:
09/296/10/2543/ASK/TR

Arkivkode:
FE-223

Dykkar referanse:

Dato:
30.07.2010

VIDAREFØRING AV EU-PROSJEKTET ECONOMUSEE FOR PERIODEN 2011 - 2013 – Støtteerklæring frå Samnanger kommune

Me viser til samarbeidet med Hordaland fylkeskommune kring etablering av Economusee for småtønner på Tysse i Samnanger og me ser fram til opninga av visningsenteret i slutten av september i år. Det er lagt ned store private ressursar i prosjektet allereie, og det vert arbeidd vidare med betring av tilkomst til Economuseet. Me syns det er spennande at dette EU prosjektet i Hordaland fylkeskommune har mogeleggjort eit visningsenter for bøkkerhandverket i Samnanger.

Me ser og at det i ettertid av opninga vert naudsynt med vidare oppfølging av verksemda til Johannes Tysse i bedriftsutviklings-, marknads- og reiselivssamanhang. Samnanger kommune er kjend med at ei vidareføring av EU prosjektet er ein føresetnad for at fylkeskommunen kan følgja opp Economusea vidare for å sikra auka besøkstal og verdiskaping.

Ein vil då og kunna få med fleire deltakerbedrifter i fylket, utvikla eit levande nettverk av Economusear på Vestlandet og slik kunna skapa grunnlag for ein nettverksorganisasjon som kan støtta oppunder den vidare utviklinga og daglege drifta av Economusea etter at prosjektet vert avslutta i 2013.

Me vil og trekkja fram samarbeidet ein har utvikla mellom Samnanger og Fusa når det gjeld bøkkerhandtverket, der Samnanger gjennom Johannes Tysse si verksemnd tek for seg dei små tønnane i ein kulturhistorisk og handverksmessig samanheng, medan ei bedrift i Fusa v/ Jostein Gangstø, ønskjer å skapa eit Economusee for dei store tønnene som er eit kulturhistorisk viktig næringsmessig tiltak for Fusa kommune.

Samnanger kommune vil difor oppmoda Hordaland fylkeskommune om å søkja om ei vidareføring av EU prosjektet for Economusea for neste periode for åra 2011 - 2013.

Med helsing

Marit Aksnes Aase
rådmann

Tone Ramsli
rådmann